



**Enno er det nokre dagar att til Festidalen, men det er godt å veta at inngangen er klar. Og då siktar vi til pumblikumsinngangen som er frå andre sida av elva - via brua til Magne Huglen.**

Meininga var at brua, som vart rasert under flommen for snart fire år sidan, skulle vera restaurert og klår for Festidalen 2009.

Men det var ikkje mogeleg på grunn av eit seintarbeidande byråkrati. Difor lyt dei satsa på eit provisorium over elva - som under Festidalen 2007.

Men som ein ser av biletet er det eit solid provisorium utan fåre for ulukker.

(Foto: Ola Matti Mathisen)